

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/4614-3

15. oktober 2018

## Rutinar for namnelaging i staten – ei påminning

Språkrådet, statens fagorgan i språkspørsmål og Kulturdepartementets underliggjande organ, har i brev til oss 6. september uttrykt uro over at statsorgana ser ut til å neglisjere egne skrivereglar og rutinar for namnelaging i staten.

"Språkrådet har notert seg fleire saker dei siste åra der statsorgan og statstilknytte verksemder har fått namn som er i strid med norske skrivereglar, eller som bryt med dei tilrådde prinsippa for namnelaging", heiter det i brevet. Vidare skriv Språkrådet at få statsorgan konsulterer Språkrådet, slik det er fastsett i rundskriv V-9B/2016 "Språkfaglige konsultasjonsrutiner for navnelaging i staten".

Med dette brevet vil derfor Kulturdepartementet minne alle departement om at staten har som ideal å skrive korrekt og forståeleg. Det er ikkje høve til å vedta namneformer som direkte bryt med rettskrivinga.

Vi ber departementa orientere underliggjande etatar om at konsultasjonsrutinane i vedlagde rundskriv gjeld. Vi legg også ved "Språkrådets retningslinjer for fastsetting av navn på statsorganer".

### Pliktene i staten

Kulturdepartementet forvaltar offisiell rettskriving saman med Språkrådet.

Det følgjer av kongeleg resolusjon av 24. juli 1981 nr. 4940 at offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk skal brukast i statstenesta.

Forskrift til mållova § 4 fastset dessutan at statsorgana skal ha namneformer på både nynorsk og bokmål, dersom det ikkje høver med ei felles namneform. Namneformene blir fastsette av departementa i samråd med vedkomande statsorgan.

Det følger indirekte av regelen i forskrifta at statsorgana skal ha namn på norsk. Mållova er ikkje til hinder for at statsorgana har namneformer også på engelsk (eller andre språk). Ettersom styrings- og administrasjonsspråket i Noreg er norsk, legg departementet til grunn at dei norske namneformene skal brukast i norskspråkleg samanheng, og at eit statsorgan ikkje kan ha ei namneform berre på engelsk.

Med helsing

Steinar Lien  
ekspedisjonssjef (e.f.)

Sigfrid Tvitekkja  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Statsministerens kontor

## Adresseliste

Arbeids- og sosialdepartementet	Postboks 8019 Dep	0030	OSLO
Barne- og likestillingsdepartementet	Postboks 8036 Dep	0030	OSLO
Finansdepartementet	Postboks 8008 Dep	0030	OSLO
Forsvarsdepartementet	Postboks 8126 Dep	0032	OSLO
Helse- og omsorgsdepartementet	Postboks 8011 Dep	0030	OSLO
Justis- og beredskapsdepartementet	Postboks 8005 Dep	0030	OSLO
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Kunnskapsdepartementet	Postboks 8119 Dep	0032	OSLO
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO
Olje- og energidepartementet	Postboks 8148 Dep	0033	OSLO
Samferdselsdepartementet	Postboks 8010 Dep	0030	OSLO
Utenriksdepartementet	Postboks 8114 Dep	0032	OSLO